

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 fekk ingen røyster og fall.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 fekk 3 røyster (Frp) og fall.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Med bakgrunn i høyringsnotat og høyringsbrev frå Nærings – og fiskeridepartementet datert 24.10.2014 sluttar fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune seg til følgjande tilsvare:

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til følgjande:

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Nærings- og fiskeridepartementet sine ambisjonar om å effektivisere verkemiddelbruken, medrekna Innovasjon Norge sine verkemiddel. Ei heilskapleg regional koordinering er vesentlig for å oppnå ein effektiv og målretta bruk av dei samla verkemidlane. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt.
2. Ein vidareført fylkeskommunal eigarskap i Innovasjon Norge er den viktigaste berebjelken for å få til denne koordineringa. Hordaland fylkeskommune legg derfor til grunn at Innovasjon Norge blir vidareført som eit særlovselskap med dagens eigarstruktur (alternativ 1). Fylkeskommunane vil i fellesskap vurdere organiseringa av eige eigarskap for å effektivisere styringa.
3. Hordaland fylkeskommune vil oppretthalde dagens formulering i lova om minimum 6 eigarrepresentantar i hovudstyret. Hovudstyret i Innovasjon Norge må femne breidda både i næringsstrukturen og i regional representasjon. Dette er meir vesentlig enn storleiken på styret.
4. Avvikling av solidarisk ansvar kan føre til at eigarane må tilføre selskapet ny eigenkapital. Fylkesutvalet i Hordaland ber om at det blir gjort ein analyse av kapitalbehovet før avgjerd blir fatta i føretaksmøte.